



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2018/7385

Vår ref
18/1617-2

Dato
18. april 2018

Bompengereforma - Overføring av garantiar til Bompengeselskapet Ferde AS for fire bompengeprojekt

Vi viser til brev av 20. mars 2018 om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Fylkestinget gjorde den 07.mars 2018, sak 13/2018, vedtak om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS for fire bompengeprojekt. Vedtaket lyder slik:

«Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).

Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.

2. E39 Svevatjørn-Rådal

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.

3. Austevollbrua

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.

4. Askøypakken

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Hina Ilyas
22 24 72 63

*Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.»*

For E39 Svegatjørn-Rådal og Askøypakken har ein justert opp garantibeløpa til 2017-kr, i samsvar med veksten i konsumprisindeksen.

Departementet godkjenner overføring av garantiar til Ferde AS slik det kjem fram av fylkestinget sitt vedtak i sak 13/2018 for *E39 Svegatjørn-Rådal, Austevollbrua og Askøypakken*.

Garantiramma er auka for Bergensprogrammet/Bypakke Bergen til 6 100 mill. kr (2017-kr). Departementet kjem tilbake til denne saka i eige brev.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Hina Ilyas
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar